

“Venstre er eit liberalt parti, uavhengig av særgrupper
 Liberalt er å ivareta valfridom for den einkilde
 Å være liberal er å ha tru på framtida
 Sosial er å ta ansvar for kvarandre
 Nye tider krev nye tankar
 Alle må få rett til å utvikle seg
 ut frå eigne føresetnader
 Alle menneske er likeverdige”

1. Lars Barstad.....➔



2. Nina E. Åsebø Olsvoll

Det eg vil jobbe for i perioden er økte midlar til kultur, spesielt retta mot barn og unge. Ein folkevalt, som har fått tillit frå innbyggjarane i Meland vil derfor lytte til dei som kjem med innspel. Eg vil og jobbe for gode uteområder til skulane som innbyr til allsidig fysisk utfolding.



3. John Arne Hornes

Jeg brenner for bedre vilkår for de unge. Med en voldsom innflytting i de neste årene, mener jeg at vi som politikere må legge forholdene til rette, spesielt for ungdom. Trivsel og en meningsfull fritid vil gi Meland som kommune mye tilbake!

| | | | |
|----|----------------------|----|-----------|
| 4 | Marianne S. Rossland | 34 | Skurtveit |
| 5 | Emil Stenersen | 57 | Frekhaug |
| 6 | Silje Sæterstøl | 39 | Holme |
| 7 | Rune Brekkhus | 50 | Vikebø |
| 8 | Mette Moldrheim | 45 | Skurtveit |
| 9 | Ove Rossland | 48 | Skurtveit |
| 10 | Kari Sagstad | 69 | Mjåtveit |
| 11 | Sverre Dale | 56 | Frekhaug |
| 12 | Mai Britt Barstad | 50 | Holme |
| 13 | Lars Frost | 39 | Holme |
| 14 | Thor Osei Liland | 38 | Ryland |
| 15 | Alvhild Aarhus | 63 | Fosse |
| 16 | Morten Bratshaug | 36 | Bratshaug |
| 17 | Randi Skurtveit | 71 | Skurtveit |
| 18 | Olaug Tveit | 65 | Tveit |
| 19 | Gisle Aarhus | 71 | Fosse |
| 20 | Fred-Jann Fjellstad | 58 | Brakstad |
| 21 | Unni Steen | 47 | Vikebø |
| 22 | Leif Johnsen | 59 | Holme |
| 23 | Trygve Åsebø | 60 | Vikebø |

Din kandidat i Meland Lars Barstad



Eg vil i den neste perioden arbeide for at :

- alle avgjerder vert tatt nærast dei det gjeld
- auke rammetimetalet
- auke areal for næringstiltak
- auke omsorga på sjukeheimen, m.a. auke grunnbemanninga
- få effektuert klimaplanen i kommunen
- bidra til at ubåten ved Fedje vert heva
- bidra til at gjenbruksstasjonen vert oppretthalden
- ikke prioritera ny kirke i denne perioden

Eit velferdssamfunn vert målt etter korleis vi tek vare på dei svakaste.

Venstre er eit liberalt parti, uavhengig av særgrupper
 Liberalt er å ivareta valfridom for den einkilde
 Å være liberal er å ha tru på framtida
 Sosial er å ta ansvar for kvarandre
 Nye tider krev nye tankar
 Alle må få rett til å utvikle seg
 ut frå eigne føresetnader
 Alle menneske er likeverdige

“Framtida kan bli ein rein fornøyelse dersom vi handlar nå!”



lbarstad@venstre.no
<http://www.venstre.no/hordaland/meland>



Stem på Venstre!

Venstre er Noregs eldste parti, og vi har den mest framtidretta ideologien.

Det er ei retning som tek utgangspunkt i det enkelte menneske – ikkje i system eller kollektive definisjonar av menneskas plass.

Venstres visjon: "Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der folk har handlefridom til å finne eigen veg til det gode liv, der vi tek ansvar for kvarandre og for miljøet."

MILJØ:

Meland skal være ein moderne miljøkommune.

Klimaendringar og trugsmåla mot dei livsviktige økosystema må tas på alvor.

Vi vil gje våre barn og barnebarn minst like gode vilkår til rein natur som vi sjølve har hatt.

Meland Venstre vil:

- Være pådrivar til å få laga ein klimaplan i kommunen
- oppretthalde gjenbruksstasjonen i søre delen av regionen
- ved nybilkjøp i kommunen vurdere alternative former for drivstoff
- oppdatere Meland kommune sin ENØK plan
- gjera barnehagane i Meland til "Grønt flagg"barnehagar. (Miljøbarnehagar)
- betre kollektivtilbod ut i distrikta

KLIMA

Klimaendringar er vår tids viktigaste miljøutfordring.

Skal vi omstille samfunnet vårt, krev det politisk vilje på alle nivå i forvaltninga. Studiar viser at tiltak gjennom verkemidlar som kommunar og fylke alt har, kan kutte utslippa med 15%. Difor er det viktig med lokale klimatiltak, som klimahandlingsplanar, biodrivstoff, gang- og sykkelveggar, alternativ oppvarming og haldningsskapande arbeid.

Les meir på www.venstre.no/framtida

Meland Venstre sitt motto: Raus, Ærleg, Engasjert, Ansvarleg og Framtidsglad.

I Noreg er det ikkje lenger viktigast å gje meir til alle, men å hjelpe enkeltmenneske som treng det. Det er viktig å styrke det interkommunale samarbeidet, slik at ein kan unngå å slå saman kommunane i Nordhordland. Venstre vil at avgjerder skal tas nærast dei det gjeld. Venstre vil ha opne avgjerdsprosessar for å sikre innbyggjarane medverknad og hindre korrupsjon og maktmisbruk.

NÆRING

I Meland må vi auke arealet for at næringsverksemd skal etablera seg i kommunen.

Vi må bruke Meland utbyggingsselskap i dette arbeidet.

Det vi treng, er meir tilrettelagde areal, og nokon til å fremje næringspolitikken

Arbeide for eit enklare Noreg – halde fram fokuseringa på enklare rapporteringsrutinar og redusere tal på forskrifter

Venstre vil også at vi i framtida skal ha eit levande landbruk. Det må bli meir gründerverksemd, og meir lokal tilpassing.

tiltak for å styrke næringsetablering

- Eit enkelt, miljøvennleg og rettferdig skattesystem
- meir bruk av lokal byggeskikk og handverk i nye byggefelt
- fleire arbeidsplassar der folk bur
- stimulera til auka overnattingstilbod i Meland
- sørge for at flest mulig får breiband

KULTUR:

Meland Venstre vil arbeide for å auka opp kultur midla

Vi meiner at i ein utbygning kommune som Meland er det viktig å satsa på eit rikt kulturliv. Vi må gje spesielt barn og unge eit mangfaldig tilbod slik at vi førebygger ulike negative hendingar som følgjer av dårlig tilbod for barn og unge. Vi må satse på meir enn fotball og "kristne miljø".

Uorganiserte barne- og ungdomsgrupper står veldig svakt i dag.

Ungdomsrådet må få bestemme kva for aktivitetar ein skal satsa på.

Bibliotektenesta må utviklast og være så framtidretta som mogeleg

Sørge for at Ungdomsklubben får eit høveleg sted å vere.

Eit liberalt parti vil ha eit demokrati basert på sjølvstende og opne kanalar. Den einskilde borgar må sikrast nærleik til, og størst mogeleg innverknad på politiske avgjerder. Manglande politisk interesse er ein utfordring for demokratiet, av di det overlet viktige avgjerder til andre enn folkevalde organ

SKULE / BARNEHAGE

Venstre vil ha ein skule for kunnskap og tilpassa tilbod til alle.. Vi vil styrke den offentlege skulen, gjenreise respekten for læraren og fagkunnskapane. Alle elevar skal gjevast høve til å utnytte sine evner og si skaparkraft.

Venstre vil ha ein sterk og god offentlig skule. Det er difor viktig å ha ein skule med mangfald. Kvalitet i undervisninga er viktigast.

Meland Venstre vil:

- oppretthalde grendaskulane
- oppretthalde 2 ungdomsskular
- opplæringsplan som er tilpassa kvar elev
- auke rammetimetalet
- utvikle uteområda på skulane
- utrede kompetanseår for lærarane

Framtida kan bli ein rein fornøyelse - dersom vi handler nå!

